

Sak 3:

Årsmelding 2009

Rogaland Senterungdom

Årsmøte 2008

Årsmøtet til Rogaland Senterungdom vart halde 18.oktober 2008 på Nærland Gjestegard i Hå. Det møtte 7 utsendingar. Frå sentralstyret møtte Johannes Rindal.

Det vart i årsmøtet lagt fram årsmelding og forslag til arbeidsplan og budsjett. På grunn av administrative forhold vert ikkje rekneskap godkjent av styret før på nyåret i arbeidsåret.

På årsmøtet vart det vald eitt nytt styre som bestod av:

Leiar:	Marit Jacobsen, Klepp
Organisatorisk nestleiar:	Gorm Ove Håland, Hå
Politisk nestleiar:	Kristine Rafdal, Sauda
Styremedlem	Nina Moi, Hå
Styremedlem	Leif Christian Andersen, Vindafjord
1.vara:	Marte W. Nesheim, Rennesøy
2.vara:	Jone Heggheim, Strand

Følgjande fråsegner vart behandla og vedtekne:

1. Neste stopp Bryne!
2. Bygg i høgda.
3. 4 sekund helse.

Arbeidet i fylkesstyret

Samarbeidet i styret har fungert bra, trass at store delar av styret har flytta på seg i løpet av arbeidsåret.

Gorm Ove Håland trakk seg tidleg frå styret, og Marte Nesheim rykka då opp til fast plass. Det vart ikkje supplert inn ny 2.vara. Marit Jacobsen jobba frå mai t.o.m september i Oslo, og noko arbeid måtte då delegerast til dei andre i styret.

Marit Jacobsen har representert Senterungdommen i fylkesstyret til Rogaland Sp.

Kristine Rafdal og Marte Nesheim har møtt i Senterungdommen sitt landsstyre. Rafdal har og møtt som 5.vara til sentralstyret til Senterungdommen.

Rogaland Sp sin representant i fylkesstyret har dette året vore Ruth Evy Berglyd.

Tone Ravnås har møtt i fylkesstyret frå fylkestingsgruppa. (- fødselspermisjon)

Johannes Rindal har vore kontaktpersonen til Rogaland frå senterungdommen sitt sentralstyre.

Styret har hatt 5 styremøte, har behandla 43 saker

Deltaking i diverse utval og på kurs/samlingar

Senterungdommen har delteke i følgjande komitear/utval i regi av Rogaland Sp:

- Nominasjonskomiteen til stortingsvalet 2009: Marit Jacobsen
- Valkamputvalet Rogaland SP: Marit Jacobsen

Andre utval:

- Sp sitt utdanningspolitiske verkstad: Marit Jacobsen

Deltaking på kurs/samlingar:

Senterungdommen

- Landsmøte, Tromsø: Nina Moi, Kristine Rafdal, Marit Jacobsen, Marte Nesheim og Gorm Ove Håland
- Landsstyremøter: Kristine Rafdal og Marte Nesheim
- Vårkurs: Kristine Rafdal
- Valskulering: Leif Christian Andersen, Marte Nesheim, Sven Jørund Kolstø og Kristine Rafdal
- Regionalkurs Sola: Kristine Rafdal, Marthe Nesheim, Olav Hareland, Lars Vangen, Håvard Grastveit, Lene Mattingsdal, Nina Moi, Marit Jacobsen, Olav Nordli, Leif Christian Andersen
- Valkampskulering Rogaland senterungdom: Marte Nesheim, Kristine Rafdal, Leif Christian Andersen og Sven Jørund Kolstø.

Rogaland Sp:

- Fylkesårsmøte, Sandnes: Kristine Rafdal, Marte Nesheim, Marit Jacobsen, Leif Christian Andersen. I tillegg møtte senterungdommane Camilla frå Vindafjord, Tone Ravnås, Jarle Bø og Odd Sande for sine lokallag. Geir Pollestad var og tilstades på møtet som representant frå regjeringa.
- Landsmøteutsending SP: Marit Jacobsen

Medlemmar

Rogaland Senterungdom hadde ved starten av førre arbeidsår ca 86 medlemmar.

I samband med omlegging til nytt sentralt medlemsregister, har ein fått rydda medlemsregisteret. I tillegg har det vore eit generasjonsskifte.

Senterungdommen i Rogaland har i skrivande stund 56 betalande medlemmar.

Aktivitet

Politisk

- Valkamp – skuledebattar/stands
- deltaking i ”haukelialliansen” v/Natur og Ungdom i Rogaland (Marit)
- lesarbrev. Har hatt leserbrevaksjon. Marte Nesheim, Marit Jacobsen, Leif Christian Andersen og Kristine Rafdal har alle hatt leserbrev på trykk i lokale og regionale mediar. Jærbladet, Stavanger Aftenblad og Haugesunds Avis.
- Kristine Rafdal har hatt valblogg i Stavanger Aftenblad..

Organisatorisk

- Valkamparbeid
- Valkampskulering for Rogaland Senterungdom juli/august.
- Regionalkurs for vestlandet arrangert av Rogaland Senterungdom på Sola i mai.
- Velkomstbrev til nye medlemmar.

Stortingsvalet 2009.

Senterungdommen i Rogaland sin valkamp har hovudsakleg dreia seg om skuledebattar/stands og arbeid opp mot skulevala.

SP fekk 5,6 % oppslutning i skulevala – ein tilbakegang på 1,5 %. Landsgjennomsnittet var 5,7 %.

Me var tilstade på 37 debattar/stands dei 8 dagane det stod på.

I det store og heile er dette eit resultat me kan vera godt nøgde med. Det har vore eit generasjonsskifte, og gjengen som gjekk debattar denne gongen klarte seg godt, og fleire som ikkje har vore med i debattar tidlegare tok ansvar og la ned stor innsats!

Lokallaga

Vindafjord Senterungdom er det einaste aktive lokallaget i Rogaland Senterungdom per dags dato.